



Velkommen til Måløy

Torskangerpoll Musikklag er eit brassband, med medlemmer frå Vågsøy kommune. Korpset er stifta i 1920. Korpset har delteke på fleire konkurransar og gjort det godt.

Høgdepunktet var i 1999 då vi vann NM 3. divisjon for brass der det deltok 19 korps. Ein uventa prestasjon som vi er stolte av.

Dette trass i at vi ikkje først og fremst er eit konkurransekorps. Vi likar best å vere sosiale, og ha det kjekt, og dette er grunnen til at vi arrangerer stormfestival. Det er sjette gongen festivalen blir arrangert

Vågsøy kommune ligg ytst i Nordfjord i Sogn og Fjordane, og har 7.500 innbyggjarar. Hovednæringa er fiskeri.

Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle velkommen til "Stormfestival 2006"



www.torskangerpoll.no

8. 9. og 10 september 2006 blir det full storm

Stormfestival



Kom igjen, bli med...



Planlegginga av Stormfestival 2006 er i full sving. Mange korps har meldt si interesse for denne populære festivalen. Her kjem litt informasjon, skjema og innbetalingsblankett til den endelege påmeldinga. Vi røper ikkje alt som skal skje. Her blir det overraskingar. Påmeldingsfrist: 26. april!!



www.torskangerpoll.no

Nordea

DOMSTEIN

Canon

Velkommen til korpsfest

Hei og hå

Vi er glade for at de viser interesse for årets stormfestival. Her kjem meir informasjon og endeleg påmeldingsskjema. Vår planleggingsstab er i full sving for å legge til rette for at alle deltakarar skal kunne få ei fin helg her hos oss i Torskangerpoll Musikklag til hausten. Dette blir sjette stormfestivalen, og interessa er stor med 27 korps som har teke kontakt.



Storm

Hausten er ei tid på året at vi på våre kantar normalt har mykje dårleg ver, men vi avlyser ikkje festivalen om stormen uteblir og det blir sol. Sjekk regnkle og ryggsekken, og meld korps-et ditt på ei festivalhelg med både snert og ryggrad. Alle vil kunne få det moro utan stress, uniformskrav og poengjag.



Bli kjent

Fredag kveld møtast vi til eit godt måltid, lett underhaldning og med uformell tone. Det blir ein svingom og litt overraskingar. Meininga er at vi skal bli kjent med kvarandre og løyse opp stemninga. Fredag er kvelden for det spontane.



Kontakt oss

Stormansvarleg:

Johan Wåge

Vågsvåg

6701 MÅLØY

E-post: j-waage@online.no

Tlf: 57854401

Mob: 91128027

Fax: 57850872

Spelespørsmål:

Johanne Velle

P: 57852098

Mob: 90767264

Aktivitetar:

Terje Wåge

P: 57854483

Mob: 91570578

Økonomi:

Evy Loen

P: 57850817

Mob: 90510910

Overnatting:

Rune Færestrand

P: 57854484

Mob: 93049594



Desse har vore med på tidlegare stormfestivalar:

1990: Skjold/Nestun Janitsjar, Raufoss Musikkorps, Stryn Musikklag, Gloppen Janitsjar, Dale Musikklag, Aal Musikkforening, Eidsvoll Værk Musikkorps, Flåm Musikklag, Fana Musikklag, Leikanger Musikklag, Batnfjord Musikklag, Fåberg Musikkforening. Kråkstad Musikkorps, Tomra Brass. **1993:** Aal Musikkforening, Dale Musikklag, Eid Musikklag, Eidsvoll Værk Musikkforening, Gjøvik Bykorps, Gloppen Janitsjar, Olden Hornmusikk, Raufoss Musikkorps, Stryn Musikklag, Vigra Valderøy Ungdomsmusikk, Eikanger Bjørsvik Musikklag. **1996:** Blank Messing, Florø, Dale Musikkorps, Eid Musikklag, Eidsvoll Værk Musikkorps, Herøy Brass, Herøy Janitsjar, Kråkstad Musikkorps, Manger Musikklag, Raufoss Musikk, Vigra og Valderøy Ungdomsmusikk, Ørsta Hornmusikk, ØSS Ørskog Storblåsarband. **2000:** Batnfjord Musikklag, Blank Messing, Brattvåg Janitsjarkorps, Eidsvoll Værk Musikkorps, Ellingsøy Hornmusikk, Fræna Musikkorps, Gjøvik Bykorps, Gloppen Janitsjar, Herøy Janitsjar, Kråkstad Musikkorps, Musikklaget Melshorn, Ottestad Brass, Raufoss Musikkorps, Rudsbygd Musikkforening, Seim Musikklag, Vigra og Valderøy Ungdomsmusikk, Vik Musikklag, Ørsta Hornmusikk, ØSS 'N Ørskog Storblåsarband, Østre Aker Musikkorps. **2003:** Ellingsøy Hornmusikk, Musikklaget Melshorn, Vigra Valderøy Ungdomsmusikk, Raufoss Musikkorps, Meland Musikklag, Bispehaugen Ungdomskorps, Seim Musikklag, Ørskog Storblåsarband, Ørsta Hornmusikk, Tomra Brassband, Eid Musikklag, Gloppen Janitsjar, Kleppe Musikklag, Florø Hornmusikk, Fiskarstrand Musikklag.

Overnatting

Vi tilbyr overnatting på skular. Dette kostar 25 kr. pr. person pr. natt. Skriv antal skuleovernattinger på påmeldingsskjemaet

Ynskjer De anna overnatting, ordnar De dette sjølve.

I Måløy-området finst desse tilboda:

Sted

Norlandia Måløy Hotell

Hotell Måløy sentrum

Tlf: 57849400

Bilsenteret Måløy

Motell 5 km. frå Måløy sentrum

Tlf: 57849700

Måløy Gjestgiveri

Pensjonat Måløy sentrum

Tlf: 57851296

Steinvik Campinghytter

Hytter 6 km. frå Måløy sentrum

Tlf: 57851070:

Almenning hytter

Hytter 10 km. frå Måløy sentrum

Tlf: 57854850

Fjordly Ungdomssenter

Hytter 17 km. frå Måløy sentrum

Tlf: 57853225

Overnatting: Rune Færestrand: 57854484 93049594



Kostymeopptog

Vi lar uniformene ligge, og brukar fantasien til å skape tidenes kostymeopptog gjennom Måløy sentrum lørdag føremiddag. Nytt sjansen til å vere litt sprø. Her treng vi ikkje gå i takt, eller spele marsjar. All slags musikk, og alle kostyme kan brukast. Det blir premiering.

Rorbufest

Lørdag ettermiddag dreg vi på utflukt til fiskeværret Torskangerpoll på vestsida av Vågsøy. Her blir det servert stormsuppe, tørrsild, flatbrød sang og musikk og mulegheiter til å prøve fiskelukke, stafett og konkurranse. Det blir avslappa og uformell stemning i eit fantastisk rorbumiljø.



Havets festbord



Lørdag kveld vil vi gje ei gourmetoppleving der du kan boltre deg i delikatesse frå havet med mange variantar av det vi kan hente av god mat frå sjøen. Vi byr og på topp underhaldning før vi ut i dei små timar dansar oss i seng

Korpsvertar

De vil få Dykkar eigen korpsvert som vil møte korpset ved ankomst, og som vil stå til teneste med det meste under festivalen. Vil nokon spele, med smårupper eller anna så ta kontakt.



Dette kan du oppleve

I grove trekk vil programmet sjå slik ut. Det blir ein del endringar og overraskingar under vegs.....

Fredag:


- 15.00 Stormkontoret opnar
Mottaking og innsjekking.
- 19.30 Middagsbuffet står klar
- 20.30 Blikjentkveld, musikk, mykje moro og humøret på topp.

Lørdag:

- 08.00 Frukost
- 08.15 Korpsleiertreff.
- 11.00 Kostymeopptog i Måløy sentrum.
- 12.00 Stormopning i Måløy sentrum. Fellesnummer.
- 14.00 Rorbifest i Torskangerpoll
Servering, musikk, underholdning, konkurranse
- 15.00 Stormstaffett i Torskangerpoll.
- 20.00 Stormgalla i Samfunnshallen.
Underholdning, havets festbord, dans.

Søndag:

- 09.00 Frolunch I Samfunnshallen.
- 10.30 Overrasking
- 12.00 Avslutning, fellesnummer, Avmarsj og heimreise.



Prisar

Festivalavgifta er 780. kr. pr. deltakar. For denne prisen får du blant anna masse vèr, middag fredag kveld, frukost lørdag, stormsuppe m. tilbehør, havets festbord, frukost søndag, fisketur, naturoppleving, underholdning og dans fredag og laurdag og mykje meir.

Betaling

Sjekk vedlagt betalingsinformasjon. Kwart korps må betale ei påmeldingsavgift på 2.000 kronene. desse pengane blir ikkje refundert dersom de ikkje kjem på festivalen.

Påmelding:

27 korps har meldt si interesse. Maks grense er 500 deltakarar. Blir det fleire enn dette som melder seg blir det først-til mølla-prinsippet.

Send vedlagt påmeldingsskjema til:

«Stormfestival -2006»

Johan Wåge

Vågsvåg

6701 MÅLØY

E-post: j-waage@online.no

Privat: 57854401 Mob: 91128027 Fax: 57850872



Frist: 26. april